

Ikkje før 30. september blir det avgjort om Sigurd Børve (busett i Uskedalen) eller Øyvind Lernes (busett i Rosendal) blir lensmann i Kvinnherad fram til 17. februar 2010. Då skal tilsetjingsrådet handsama saka.



Blir uskedelingen Sigurd Børve tilsett som lensmann i Kvinnherad?

Politioverbetjent Børve (som no er fungerande lensmann) eller politioverbetjent Lernes (som no er HMS-rådgjevar i Hordaland politidistrikt men som også har vore ansatt i Kvinnherad) skal erstatta Jan Ludvig Fosse. Han er i vilkarstilling som namsfogd i politidistriktet.

Den prosedyre som skal følgjast i slike tilfelle er at det først blir gjort eit utval av søkjarar som er aktuelle for intervju. Etter intervju og vurdering kjem så politimeisteren med sitt forslag til innstilling før tilsetjingsrådet avgjer. Det er sett saman av tre frå administrasjonen/leiinga i politidistriktet og to frå dei tilsette.

Fosse vikarierar for Olav Valland som er nytilsett administrasjonssjef i politidistriktet men som også har vore lensmann i Kvinnherad.

Valland seier til innsida.no at saksgangen er relativt enkel i dette tilfelle ettersom det er berre to søkjarar og begge er kvalifiserte. Begge vil difor bli intervjuet og vurdert før tilsetjingsrådet tek si avgjerd.

Av Ola Matti Mathisen